

Årsmelding 2021 - Kommunestyregruppa Kinn Arbeidarparti

1.0 Kommunestyregruppa Arbeidarpartiet i Kinn

1.1 Faste medlemar i gruppa:

Ola Teigen, Silje Ødegård Standal, Tove Lill Refvik Volle, Ronny Cassells, Lars Terje Standal, Anders Ole Sunnarvik, Bente Nygård, Petter Refsnes, Kim Gunnar Jensen, Leif Magne Gil (permisjon frå 14.12.21) Stine Kråkenes Øvrelid (f.o.m 14.12.21)

1.2 Vara som har møtt:

Stine Kråkenes Øvrelid, Doris Christensen, Inger Strand Kvalheim, Laila Schultz og Åge Larsen.

2.0 Formannskapet:

Ola Teigen
Silje Ødegård Standal
Tove Lill Refvik Volle

3.0 Oppvekst- og kulturutvalet:

Leif Magne Gil (leiar t.o.m 14.12.21)
Doris Christensen
Terese Gjerde (f.o.m 14.12.21)

4.0 Helse, sosial- og omsorgsutvalet:

Ronny Cassells (1.nestleiar)
Stine Kråkenes Øvrelid

5.0 Plan, miljø- og næringsutvalet.

Lars Terje Standal (2.nestleiar)
Bente Nygård

6.0 Samferdsleutvalet

Kim Gunnar Jensen

7.0 Administrasjonsutvalet

Anders Ole Sunnarvik (leiar)

8.0 Kontrollutvalet:

Helen Hjertaas

9.0 Politisk samarbeid:

Det politiske samarbeidet med H har til tider vore utfordrande i 2021. Det har vore eit tett samarbeid mellom styret/styreleiar og ordførar, gruppeleiar og kommunestyregruppa i heile prosessen. Vi har klart å behalde eit politisk samarbeid med V, og eit budsjettssamarbeid med H og V.

10.0 Arbeidsorden:

Det har som regel vore gruppemøte i forkant av kommunestyremøte og/eventuelt formannskapsmøte/utvalsmøte.

Alle gruppemøta i Kinn Ap har vore digitale. I 2021 har vi hatt 22 gruppemøte, fleire gruppestyremøte og eit felles gruppestyremøte med Kinn V. Vi har og hatt fleire møte med gruppene eller deler av gruppene til Kinn V og Kinn H.

11.0 Anna arbeid:

Styret og gruppa i Kinn Ap hadde ei helgesamling i Florø 6.-7.november. Då arbeidde vi for det meste med budsjett. Marthe Mjøs Persen og Torbjørn Vereide var gjester. Om kvelden hadde vi ei sosial samling med show og middag

12.0 Viktige saker er:

Samferdselsutvalet:

- Lokalbåtrutene i Florøbassenget.
- Kystvegekspressen
- FOT ruter for Florø lufthamn
- Trafikktryggingsplan
- Regional transportplan

Administrasjonsutvalet:

I 2021 gjennomførte ADMU 9 møter. Mange reglement har vore vedtatt eller endra som følge av revidering og samkøyring etter kommunesamanslåinga. Til dømes tilsettingsreglement, avspasering og fleksitidsreglement og retningslinjer/reglement for kjøp og bruk av mobil.

Internkontroll og avdekking av avvik har vore tema i to av møta, og vil vidare følges opp av utvalet gjennom 2022, for å skape en tryggare og betre trivsel for alle arbeidstakarar i Kinn kommune. Sjukefråvær har vore i fokus i utvalet gjennom heile 2021. Dette sidan Kinn kommune har eit signifikant høgare fråvær enn gjennomsnittet i landet (Kinn 12,40 %/ landsgjennomsnitt er 8,50 %). Det kan ha både psykososiale konsekvensar for den daglege drift og trivsel, men har også store økonomiske konsekvensar for kommunen. ADMU vil følge sjukefråværet tett gjennom 2022, og komme med konkrete framlegg om tiltak. Personal 20X som utvalet arbeide med gjennom heile 2021 vart gjennom en stor driftssaldering i budsjett/økonomiplan for 2022-2025 (ref. kommunestyrevedtak 14.12.2021) endra til prosjekt bemanning, for raskare gjennomføringskraft. 47 årsverk skal vekk første halvår 2022, med økonomisk full virkning fra 01.07.22. Oppsummert har det partssammensatte ADMU utvalget «hendene fulle» med arbeid inn i dette viktige driftsåret for Kinn kommune.

Oppvekst- og kulturutvalet

- Kommunal forskrift om opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden.
- Forvaltning av kyrkje og gravplass
- Retningslinjer kunst.

- Plan for flytting av Skram skole til modulbygget på Tennebø.
- TIBIR – Tidlig innsats for barn i risiko.
- Kulturmidlar
- Kulturpris: Sørstrand Folkepark v/Magne Hovland og Jan Henrik Nygård
- Mangfoldspris: Jørgen K. Blålid for arbeidet med turløype og fritidsområdet ved Poljavatnet.
- Idrettstipend: Bjørn Storøien
- Kulturstipend: Florø skoles musikkorps
- Temaplan for oppvekst
- Plan for organisering av 17.mai i Kinn kommune.
- Handlingsplan for vold i nære relasjoner.
- Arbeid med Forskrift om skulestruktur i Kinn
- Skyteanlegget på Grovastøylen
- Lokale politivedtekter
- Aktivitetskalender for kulturarrangement.
- Arbeid med forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn
- 16.desember: Ekstraordinært møte for å få sendt forskrift om opptaksområde ut på høyring.

Helse, sosial- og omsorgsutvalet

Det har vore ni møte i HSO-utvalet, inkl. ein fagdag for temaplan Helse og velferd. Dei fleste møta har vore digitale, men utvalet har vore på synfaring på Kulatoppen to gongar, på Vågsøy omsorgssenter og på FLOMS. På den siste synfaringa på Kulatoppen 16.11. fekk utvalet sjå den nye E-fløya ferdig. Den er blitt eit veldig flott tilskot til eldreomsorga i nordre del av Kinn.

Nokre av dei sakene som har vore handsama eller orientert om i utvalet i løpet av året er:

- Ny fløy E på Kulatoppen
- Etablering av nye institusjonsplassar på sjukehusomta i Florø
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Leve heile livet
- Matlevering i heile kommunen frå Bordgleder
- Temaplan for helse og velferd
- Legevaktsamarbeid med Bremanger
- Vidareføring av legevaktsamarbeid i Nordfjord for nordre del av Kinn
- Sjukefråvær innan helse og omsorg
- Bemanningssentral
- Vaksinerings mot Covid-19 og handteringa av pandemien.

Plan, miljø- og næringsutvalet

- Reservevasskjelde til Sagavatnet
- Utviding av Steinvik Fiskefarm med visningssenter og museum
- Kommunedelplan Florelandet-Brandsøy 1. og 2. gangs behandling
- Plan for Klima og Miljø

- Hovudplan for Vatn og Avløp Florelandet-Brandsøy
- Diverse private detaljreguleringsplanar i heile kommunen
- Områdereguleringsplan for Øvre Skram
- Detaljregulering for utviding av Haukå Akvakulturanlegg
- Disponering av steinmassar
- Mortensbåen og Florevika
- Detaljregulering for næringsområdet på Nesjane
- Gartnerihagen
- Elles orienteringssaker om store private og kommunale prosjekt som har betydning for mange innbyggjarar.

Kinn 29.01.2022

Ola Teigen
Ordførar

Silje Ødegård Standal
Gruppeleiar